



# BØ SPAREBANK



---

## *Delårsrapport*

*1. kvartal 2013*

---

---

## Hovudpunkt frå kvartalstala pr 1. kvartal 2013

- *Fall i rentenetto*
- *Stabile andre inntekter*
- *Ekstraordinære kostnader ved fusjon*
- *Svært god likviditet*
- *Kraftig innskotsvekst*
- *Nedgang utlån*

## Resultatrekneskap

### Nøkkeltal i % av gj.sn. forvaltningskapital

	Pr. 31.03.2012	Pr. 31.03.2013
Rentenetto	1,82%	1,64 %
Andre driftsinntekter	0,31%	0,33 %
Lønn og generelle adm.kostnader	1,15%	1,06 %
Andre driftskostnader	0,21%	0,40 %
Tap på utlån	0,12%	0,15 %
Resultat av ordinær drift	0,64%	0,36 %

### **Rentenetto**

Gjennomsnittleg rentenettoen er redusert med 0,21 % sidan nyttår, og ligg 0,18 % lågare enn same tid i fjor.

I rekneskapen er det lagt inn 1 million kr. i sikringsfondsavgift for året 2013. Dette hadde vi ikkje sist år, og dette reduserar rentenettoen tilsvarande på årsbasis. Nye likviditetskrav og midlertidig stor overskotslikviditet påverkar rentenettoen da dette bind midlar til låg avkastning. Ein vurderar endringar i våre prislister for å tilpasse oss konkurransesituasjonen og betre inntjeninga.

### **Netto andre driftsinntekter**

Resultatet er om lag som sist år. Vi har ikkje budsjettert med utbytte, men er nå kjent med at ein vil oppnå ca. 1,5 mill. kr. på årsbasis.

### **Driftskostnader**

Driftskostnadene pr. 1 kvartal er om lag kr. 400.000 høgare enn sist år. Reelt sett er kostnadsutviklinga betre enn fjoråret da ein for 2013 set av kr. 300.000 månadleg til forventa fusjonskostnader.

### **Taps- og misleghaldutvikling**

Ved utgangen av kvartalet har vi bokført tapskostnad tilsvarande budsjett. Så langt i året ser vi ikkje utvikling i vår låneportefølje som tyder på behov for større tapsavsetnader.

### **Resultat av ordinær drift**

Samla resultat før skatt etter 1. kvartal 2013 er 1,673 mill. kr., mot 2,991 mill. kr. i 2012.

## Balanse

<i>Utvikling i nøkkeltal ;</i>				<i>12 mnd.</i>
		<i>31.03.2012</i>	<i>31.03.2013</i>	<i>Vekst %</i>
<i>Forvaltningskapital</i>	<i>kr.</i>	<i>1.875.180</i>	<i>1.918.262</i>	<i>2,30%</i>
<i>Utlån til kundar</i>	<i>kr.</i>	<i>1.533.621</i>	<i>1.458.033</i>	<i>-4,93 %</i>
<i>Utlån Terra BK</i>	<i>kr.</i>	<i>91.114</i>	<i>142.631</i>	<i>56,54%</i>
<i>Innskot frå kundar</i>	<i>kr.</i>	<i>1.341.006</i>	<i>1.412.938</i>	<i>5.36 %</i>

### **Forvaltningskapitalen**

*Forvaltningskapitalen er på 1.918.262 mill. kr. Dette er ein auke på 2,30 % frå same tid sist år. Frå nyttår er forvaltninga auka med 47,429 mill. kr. Årsaka ligg vesentleg i stor innskotsvekst.*

### **Utlån til kundar**

*Utlån til kundar på eigen balanse er 1.458.033 mill. kr. som er ein reduksjon på 4,93 % frå same tidspunkt sist år. Utlåna fordelar seg med 26,8 % på bedriftsmarknaden, og 73,2 % på privatmarknaden. Utlån gjennom Eika Boligkreditt utgjer 142,6 mill. kr. Vi har ein bevisst politikk med å plassere nye lån via EBK, og har siste året auka lån i EBK med over 51,5 mill. kr. Garantiar utgjer ved utgangen av 1. kvartal 38,9 mill. kr.*

### **Likviditetssituasjonen**

*Vi har svært god likviditet. I tillegg har vi trekkrettar som ligg som reserve. Ved kvartalsskifte var vår LBR 112,2 og LBI 124,0. Dette er god margin i høve til framtidige krav. Vi har ein spesiell innskotssituasjon som er midlertidig, og desse midlane er plassera kortsiktig til relativt låg avkastning.*

### **Soliditet**

*Eigenkapitalprosenten ( eigenkapital innkludert årets overskot i % av forvaltning ) ved utgangen av 1. kvartal er 10 %.*

*Kapitaldekninga utgjer 20,7 %, og kjernekapitaldekninga 20,7 %.*

*Overskot så langt i året er ikkje med i berekningane for kapitaldekning og kjernekapitaldekning.*

### **Risikoforhold**

*Banken gjennomfører årleg ICAAP, og vurderar risikoprofil og kapitalbuffer som god.*

*I denne samanheng har vi og utarbeidd kapitalplan og risikomatrise for drifta.*

*Vi vurderar det ikkje som naudsynt å gjere spesielle tiltak for å møte nye kapitalkrav på noverande tidspunkt. I samband med fusjon med Seljord Sparebank vil ein vurdere samansetjinga av obligasjonslån og forfall.*


### **Framtidsutsiktar**

*Rekneskapsresultatet etter 1. kvartal er svakt. Vi har stor konkurranse i vår marknad og veksten er liten, men vi har liten avgang på kundar. Vi har fokusert på service og kvalitet i arbeidet våre tilsette utfører. Vi budsjetterer framleis liten vekst og tek høgde for fusjonskostnader dette året.*

Resultat (1.000 kr.)	1. kvartal		Hittil i år		Året
	2013	2012	2013	2012	2012
Renteinntekter og lignende inntekter	18.103	20.259	18.103	20.259	78.278
Rentekostnader og lignende kostnader	10.539	11.822	10.539	11.822	43.963
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.563	8.437	7.563	8.437	34.315
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med var. avkastning	157	79	157	79	199
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	1.346	1.373	1.346	1.373	5.813
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	336	332	336	332	1.330
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp	363	302	363	302	1.120
Andre driftsinntekter	0	1	0	1	2
Netto andre driftsinntekter	1.530	1.423	1.530	1.423	5.803
Lønn og generelle adm. kostnader	4.883	5.332	4.883	5.332	20.246
Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og imm. eiendeler	45	40	45	40	132
Andre driftskostnader	1.818	932	1.818	932	4.334
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>6.746</b>	<b>6.304</b>	<b>6.746</b>	<b>6.304</b>	<b>24.712</b>
Resultat før tap	2.347	3.556	2.347	3.556	15.406
Tap på utlån, garantier m.v.	675	565	675	565	5.434
Sum nedskr/rev av nedskrivning	0	0	0		
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>1.673</b>	<b>2.991</b>	<b>1.673</b>	<b>2.991</b>	<b>9.973</b>
Skatt	468	837	468	837	3.234
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>1.204</b>	<b>2.154</b>	<b>1.204</b>	<b>2.154</b>	<b>6.738</b>

Balanse (1.000 kr.)	31.03.13	31.03.12	31.12.12
<b>EIENDELER</b>			
Konter og fordringer på sentralbanken	105.524	54.827	106.581
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	131.898	140.987	84.395
Utlån til og fordringer på kunder	1.458.033	1.533.622	1.492.859
Individuelle nedskrivninger	-12.850	-10.270	-12.350
Nedskrivninger på grupper	-10.200	-10.200	-10.200
Sum netto utlån og fordringer på kunder	1.434.983	1.513.152	1.470.309
Overtatte eiendeler	1.000	1.000	1.000
Sertifikater, obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer med fast avkastning	158.955	112.127	132.377
Aksjer, andeler og andre verdipapirer med variable avkastning	62.970	28.218	51.985
Eierinteresser i konsernselskap	10.266	10.266	10.816
Utsatt skattefordel			
Varige driftsmidler	243	144	243
Andre eiendeler	755	3.053	1.803
Forsk. betalte ikke påløpne kostnader og opptj. ikke mottatte inntekter	11.669	11.406	11.325
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>1.918.262</b>	<b>1.875.180</b>	<b>1.870.833</b>
<b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	111.427	86.351	111.410
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.412.938	1.341.006	1.327.055
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	152.000	197.000	197.000
Annen gjeld	3.359	17.854	5.670
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente inntekter	11.461	11.614	3.782
Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser	1.227	895	1.272
Ansvarlig lånekapital	35.000	35.000	35.000
<b>SUM GJELD</b>	<b>1.727.412</b>	<b>1.689.720</b>	<b>1.681.188</b>
Egenkapital 1.1.	189.645	183.307	189.645
Regnskapsperiodens resultat	1.204	2.154	
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>	<b>1.918.262</b>	<b>1.875.180</b>	<b>1.870.833</b>

Bø, 29.04.2013

  
Trygve Myrene  
Styrets leder

  
Augon Eika

  
Olav Berge

  
Geir Helge Espedalen

  
Gunn Anita Stenstad

  
Berit Volleng Sanden

  
Halgeir Kaasa  
Banksjef

**Tap og misleghaldsnote 1. kvartal 2013 - Bø Sparebank**

**Tap på utlån**

	<b>31.03.2013</b>	<b>31.12.2012</b>
Periodens endring i ind. nedskr.	500	3.180
Periodens endring i gruppe.nedskr.		
Periodens konstaterte tap som tidl. er nedskrevet for	126	
Periodens konstanterte tap som tidl. ikke er nedskrevet for (periodisering)	49	2.867
Periodens inngang på på tidl.		613
Perioders nedskrivinger		
<b>Periodens tapskostnad</b>	<b>675</b>	<b>5.434</b>

**Misleghaldne engasjement**  
(tusen kroner)

	<b>31.03.2013</b>	<b>31.12.2012</b>
Brutto misleghaldne utlån	20.944	23.931
Ind. Nedskrivinger	-11.100	-8.400
Netto misleghaldne utlån	9.844	15.531

**Andre tapsutsette Engasjement**  
(tusen kroner)

Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldne)	8.233	12.429
Individuelle nedskr.	-1.750	-3.950
Netto tapsutsette eng.	6.483	8.479